



Den kulturelle spaserstokken

Om søkjar

Søkjar

Namn på kommune Kvam herad

Org.nummer 944233199

Adresse

Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Kontaktperson

Namn Mary Ann Sørheim
Telefon 56556906
E-post mars@kvam.kommune.no

Nettside

www.kvam.no

Om tiltaka

Samarbeidande kommunar

Kvam samarbeider med Os, Fusa og Samnanger om ulike fellesprosjekt, men denne søknaden omhandlar prosjekt i Kvam herad.

Tal på program / tiltak

12-15

Samla tal på arrangement

40

Type arena



Kvam herad har 4 institusjonar med ulike avdelingar, samt Dagsenter. I tillegg samarbeider vi med Kabuso, Bygdagnist AS som held til på Storeteigen bygdemuseum, Kvam kino m.fl.

Organisering av arbeidet

Kulturkontoret administrerer arbeidet og tilskota, og samarbeider/gjer avtalar med dei ulike kulturaktørane , andre kommunale samarbeidspartar og institusjonane om gjennomføringa av ulike arrangement.

Innhald i tiltaka

Sjanger og form

| | |
|----------------|--|
| Sjanger | Litteratur Scenekunst Film Musikk Kulturformidling Museum |
| Form | utvikling |

Tittel

| | |
|----------------------------|--|
| Saksnummer | 2016/6750 |
| Tittel på tiltak(a) | Formidling av kunst og kultur for eldre i Kvam |

Hovudmålgruppe

Hovudmålgruppa er eldre busette på institusjonar og som av ulike årsaker ikkje kan delta på det ordinære kulturlivet i kommunen. Vi ønskjer tilby eit profesjonelt, variert og godt tilrettelagt tilbod der dei bur. I tillegg ønskjer vi stimulera dei som kan delta utanfor institusjonane til å delta på ulike tilbod i regi av DKSS . Erfaringar har vist at institusjonsbesøk når flest, men at det og har stor verdi for dei som kan delta på arrangement utanfor institusjon , td ulike arrangørstader i lokalmiljøet.

Skildring av program 1

Musikk: Gjennom fleire år har vi hatt samarbeid med lokale festivalar, td Hardingtonar, Bygdalarm og Kinckdagane. Konsertane/arrangementa inngår i programma til festivalane, har høg kunstnerisk kvalitet, er varierte, og ikkje minst nyskapande . Dette ønskjer vi vidareutvikla i 2017. I tillegg ønskjer vi gje institusjonane tilbod om ulike konsertsjangrar av høg kunstnerisk kvalitet, - med både lokale utøvarar og eksterne.

Skildring av program 2



Kunstformidling : Vidareføra samarbeid med Kabuso, både med besøk på kunsutstillingar, samt oppleve Hardanger Skyspace. Vi ønskjer samarbeida med Galleri Puls , samt vidareutvikla samarbeid med Bygdagnist om kunstterapi på Storeteigen bygdemuseum. Vi ønskjer og tilby institusjonane dansefram syningar/varietè. I 2017 skal ein jubiler Ingebrigt Vik- og vi ønskjer tilretteleggja eit prosjekt for eldre kring jubileet knytt tilKabuso/Ingebrigt Vik- museet.

Skildring av program 3

Litteraturformidling: Merethe Gauden tilbyr forteljestunder for institusjonar, og vi har i 2016 hatt ein avtale med ho om formidling av lokal kultur. Vi ønskjer eit vidare samarbeid med henne om formidling/forteljing kring jubileet til Ingebrigt Vik, knytt til museet.

Vidareutvikling av ordninga

Vi har eit fokus på nyskaping og høg kvalitet i tillegg til å vidareutvikla noko av det tradisjonelle og "kjende". Samarbeidet med td Bygdalarm om " Gamlisalarm", som ein eigen del av festivalprogrammet har utvikla både festivalen og tilbodet til dei eldre med nye musikksjangrar. Dette gjeld og Hardingtonar og Kinckdagane, som heile tida er opne for å utvikla sine festivalar, og som tilbyr institusjonane opplevingar av høg kvalitet. I tillegg til å vidareutvikla det tradisjonelle, ønskjer vi og løfta fram ulike større markeringar, td slik vi gjorde under markeringa av Hans E. Kinck 150 år i 2015. Vi vil i 2017 markera 150 års jubileet til skulptøren Ingebrigt Vik ved å gje tilbod til eldre knytt til jubileumsmarkeringa.

Budsjett

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 200 000

Utgifter

| Utgift | Beløp |
|---|--------------|
| Hardingtonar | 20 000 |
| Kinckdagane | 10 000 |
| Markering Ingebrigt Vik- jubileum | 30 000 |
| Bygdalarm (Gamlisalarm) | 20 000 |
| Bygdagnist (Storeteigen bygdemuseum), ulike prosjekt | 30 000 |



| | |
|--|--------|
| Kabuso og Hardanger Skyspace | 25 000 |
| Litteraturformidling | 15 000 |
| framsyningar dans/varitê, teater | 20 000 |
| Kino | 5 000 |
| Ulike konsertarrangørar (lokale og eksterne, samt ulike sjangrar av høg kvalitet) | 80 000 |

| | |
|------------------------|----------------|
| Totale utgifter | 255 000 |
|------------------------|----------------|

Inntekter

| Inntekt | Beløp |
|------------------------------|--------------|
| Hordaland fylkeskommune | 200 000 |
| Eigenfinansiering Kvam herad | 55 000 |

| | |
|-------------------------|----------------|
| Totale inntekter | 255 000 |
|-------------------------|----------------|

Eigenfinansiering

55000

Kommentarar til budsjett

I tillegg til å nytta egne tilskotsmidlar, vil og eigeninnsats knytt til arbeidsinnsats på institusjonar og ulike kommunale etatar koma i tillegg.
Eigenfinansieringa er avhengig av det kommunale budsjettet i 2017.